



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Jon Fjeldstad, 5557 2254

Vår dato
08.05.2017
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2017/3587 634
Dykkar referanse
«REF»

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Ny desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen

Kunnskapsdepartementet startar i 2017 innføring av ei desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen. Statlege midlar skal byggje opp under skuleeigar sitt ansvar for kvalitetsutvikling og stimulere til eit langsiktig samarbeid mellom kommunane og universitet/høgskolar. (UH- sektoren). Private skuleeigarar kan delta på same vilkår som kommunane. Ordninga vil etter kvart omfatte vidaregåande opplæring.

Den nye ordninga er gjort nærare greie for i [Meld. St. 21 \(2016- 2017\) Lærelyst – Tidleg innsats og kvalitet i skulen](#). I kap. 8 i meldinga blir det foreslått tre ulike spor for staten si støtte til kompetanseutvikling:

- ei desentralisert ordning for etterutdanning
- ei oppfølgingsordning
- ei innovasjonsordning

Regjeringa har signalisert at den statlege støtta skal trappast opp til om lag 500 mill. kroner pr. år.

Den desentraliserte ordninga for etterutdanning blir starta dette året. Fylkesmannen meiner vi må sjå på dette første året som eit prøveår, der alle må leggje vinn på å finne det mest tenlege opplegget her i fylket. Så legg vi til grunn at det er råd å justere når vi får litt erfaring.

Mål og utviklingsområde

Ordninga med vidareutdanning med stipend og vikarmidlar held fram som før. Midlane til ny desentralisert ordning skal stimulere til langsiktig utvikling og bidra til at kommunane og dei private skulane kan oppnå sektormåla for grunnopplæringa:

- Elevane skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Elevane skal meistre grunnleggjande dugleikar og ha god fagleg kompetanse
- Fleire elevar og lærlingar skal gjennomføre vidaregåande opplæring

Dei statlege føringane for bruk av midlane er ikkje knytte til bestemte fag eller fagområde og skal ikkje endrast frå år til år, men stimulere til langsiktig utvikling. Midlane skal nyttast til etterutdanning og skal fremje kollektive læreprosessar i skulen.

Eit formål med den nye desentraliserte modellen for kompetanseutvikling i skulen, er å bidra til å styrke samarbeidet mellom lærarutdanninga og praksisfeltet, og utvikle UHs rolle som

utviklingsaktør i skulen. Skuleeigarane er ikkje bundne til å nytte den geografisk næraste UH-institusjonen. Midlane kan ikkje nyttast til ekstern kompetansetilbydar som ikkje er ein del av ein UH-institusjon.

Organisering av samarbeidet

Utdanningsdirektoratet har lagt til grunn for den desentraliserte etterutdanninga at skuleeigarane må samarbeide i tenlege nettverk seg i mellom og med UH-institusjonar i denne ordninga. Skuleeigarane og UH-sektoren må bli einige om korleis dei statlege midlane skal fordelast og brukast.

Fylkesmannen i Hordaland har drøfta med kommunane v/arbeidsutvalet på møte 25. april kva nettverk som vil vere mest tenlege i dette arbeidet. I drøftinga kom vi fram til at det er naturleg å ha dei eksisterande kompetanseregionene som nettverk. Fylkesmannen vil ta initiativ til å opprette eit sentralt samarbeidsforum på fylkesnivå sett saman av representantar frå regionane og UH-sektoren. Ein skuleeigar frå kvar av regionane kan målbera kommunane i regionen sine synspunkt i drøftingane med UH-sektoren i samarbeidsforumet.

I samråd med arbeidsutvalet har vi lagt opp til følgjande framdriftsplan:

- | | |
|------------|---|
| 31. mai | Alle skuleeigarane blir invitert til eit felles møte med UH og Fylkesmannen der vi presenterer ordninga og legg fram eit forslag til korleis vi kan organisere arbeidet her i fylket. UH-sektoren er med i same møte. |
| 20. juni | 1. Nettverksmøte
Konkret dialog mellom kommunane sine representantar og UH om tilbod og fordeling av midlar |
| 24. august | 2. nettverksmøte
Konkret dialog mellom kommunane sine representantar og UH om tilbod og fordeling av midlar. |

Fylkesmannen vil i eit eige brev innhente synspunkt frå friskulane om korleis arbeidet med kompetanseutvikling i skulen skal organiserast for dei.

Skuleeigarane sine prioriteringar skal byggje på lokal tilstandsvurdering/skulebasert vurdering av behov for kompetanseutvikling og fagleg dialog med UH-sektoren. Kompetanseregionene må bli einige om prioriteringar og kva prosjekt som skal gjennomførast, og val av tematiske område. Regionane kan bli einige om fleire utviklingsområde dersom det er ulike behov eller prioriteringar i regionen.

Dersom kommunane ikkje blir einige om prioriteringane, er det Fylkesmannen som tar endeleg avgjerd om kva kompetansetiltak som skal prioriterast. Intensjonen med ordninga er likevel at kommunane skal bli einige om prioriteringar. Det er mogleg å vidareføre og vidareutvikle utviklingsarbeid som allereie er etablert mellom kompetanseregionane og UH-institusjonane.

Finansiering

Hordaland har i 2017 fått kr 9 143 000,-. Midlane er fordelte etter talet på heile lærarårsverk i fylka. Det er ikkje lagt til grunn at midlane skal tildelast til kvar einskild kommune/friskule.

Midlane skal nyttast til etterutdanning for så mange lærarar som mogleg og fremje kollektive prosessar for profesjonsutvikling for å nå overordna sektormål. Midlane skal ikkje nyttast av

skuleeigar til anbodsrundar eller forhandlingar med UH-sektoren. Kommunar som av ulike grunnar ikkje ønskjer å delta i dette utviklingsarbeidet, vil ikkje få tildelt midlar.

Kommunane og dei private skulane må bidra til finansieringa med ein eigendel på 30 % av dei statlege midlane som nettverket meiner skal gå til skuleeigarane. Eigendelen kan heilt eller delvis brukast til løn/frikjøp om skuleeigar finn dette mest tenleg. Dei statlege midlane skal i hovudsak ikkje gå til løn/frikjøp på skuleeigarsida.

Kompetanseregionane må ha klare sine prioriteringar og kva etterutdanning dei ønskjer å gjennomføre innan 1. oktober 2017. Etter drøftingar i det sentrale samarbeidsforumet på fylkesnivå og ei samla vurdering av prioriteringane og planane, vil Fylkesmannen fordele midlane til kommunane, private skuleeigarar og UH-institusjonane.

Spørsmål til dette brevet kan sendast til Jon Fjeldstad på e-post fmhojfj@fylkesmannen.no. Vi vil samle spørsmåla og gje svar på møtet 31. mai.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Jon Fjeldstad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.